

Atle Børsheim
Førland
5943 Austrheim

14.08.2006

Austrheim Kommune
5943 Austrheim

Søknad om areal til naustetomter.

Søker herved om areal til naustetomter i Førlandsvågen, bruk nr. 151/4. Arealet det vert søkt om er merka med 2 og 3 på vedlagt kart.

Dette er einaste område for gard nr. 151, Førland, som det er mulig å oppføre naust. Det ligg 5 stk. naustetomter/naust her frå før (151/1 – 151/2 – 151/3 – 151/4), området merka 1 på vedlagte kart, samt tomt for 151/24.

Arealet det vert søkt om er tenkt nytta til naust for naboer, og framtidige naboer, på Førland og omegn. Fleire av dei har sagt seg intressert i dette.

Det er også tiltenkt felles brygger ut fra fellesareal heilt sør i området, i grensa mot Lillelindås, gard nr. 152.

Slik som området ligg i dag vert dette lite nytta da det er tilgrodd av busker og trær og har litt vanskelig tilkomst.

Så kunne man få til eit aktivt naustemiljø her vil dette verta eit område til glede og nytte for garden Førland.

Med helsing
Atle Børsheim



1 vedlegg



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Atle Børsheim
Førland

5943 AUSTRHEIM

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksansvarleg:	Arkivkode:	Dato:
—	06/1029-2	Arne Aven	GNR-151/4-	04.05.2011

Svar angående søknad om areal til naustetomter

Syner til dykkar brev angående areal til nausttomtar på bruk nr 151/4 i Førlandsvågen. Rådmannen tok inn dette forslaget om arealdisponering som eit innspel til kommuneplanarbeidet i 2006, og beklagar at dette ikkje er kommunisert tidlegare.

Grunna motsegn til kommuneplanforslaget vart mange av områda i strandsona teke ut av planen før den vart vedteken. Dette gjer at dykkar forslag til arealdisponering ikkje er med i og i samsvar med overordna plan. Tiltaket/arealet som er beskrive her er og for omfattande til å kunna handsamast som ei dispensasjonssak. Ei slik sak ville enda med avslag i dette tilfellet. Behovet for eit felles naustområde i Førlandsvågen kan berre løysast gjennom planlegging. Kommunen vil med det første setje i gang arbeid med planlegging av strandsona i heile kommunen og rådmannen vil ta dykkar innspel med inn i denne prosessen.

Generelt vil ein peika på at det er ei føremon om heile bygda går saman om eit felles tiltak. I plansamanheng ser ein at bygdeprosjekt med klar fellesskapsprofil, er dei planprosjekta som vert best motteke.

Ta gjerne kontakt om de vil drøfta nærare kva framgangsmåte som kan nyttast.

Med helsing

Rolf Raknes
ingeniør plan

